



**Hardanger Big Band v/ A. H. Trå**

Herandsvegen 507

5628 Herand

Org.nr: 982 383 145

Bankkonto: 3450.27.03880

Jondal, 06.08.2017

Til:

**Hordaland Fylkeskommune  
Kulturavdelingen**

### **SØKNAD OM STØTTE TIL PROSJEKTET:**

**"Roma i Hardanger - ei musikalsk reise gjennom 30 år"**

#### ***Om søkjaren***

Hardanger Big Band (HBB) er det eldste og einaste storbandet i Hardanger som har vore i kontinuerlig drift i 30 år. Musikalsk leiar og eldsjel Arild B. Nielsen har heilt sidan starten leia og utvikla bandet, som i hovudsak har medlemmer frå Jondal og Kvam, men er åpne for gode amatørmusikarar frå heile Hardanger.

Vi har fast øvingsstad på ungdomshuset Jonsvoll i Jondal. Bandet har samarbeidd med mange norske jazzmusikarar (Olav Dale, Jens Wendelboe, Gisle Torvik, Bendik Hofseth m.fl.), og vi har spelt konsertar på små og store scener i inn- og utland (t.d. Oslo Konserthus, Legoland, Berlin Big Band Award, Kongsberg Jazzfestival, Vossajazz og Cotton Club Roma). I 2014 gav vi ut studiplata "Kryssande" med spesialskevne komposisjonar for HBB av jazzgitaristen Gisle Torvik. Plata vart gjeve ut via NOR-CD og Karl Seglem.

#### ***Prosjektskildring***

HBB har i samband med 30-årsjubileet i 2017 gått inn på eit todelt prosjektsamarbeid om kulturutveksling med profesjonelle italienske jazzmusikarar.

Som første del av prosjektet reiste HBB til Roma i mars i år. Jazzsangerinna Nina Pedersen (opphavleg frå Norge) var vårt vertskap der nede. Ho har budd i Roma sidan 1990, og underviser til dagleg i jazzvokal ved St. Louis College of Music - den største og viktigaste musikkinstusjonen i Italia med over 1500 elevar totalt!

HBB fekk gleda av å verta kjend med, og spela saman med, dei profesjonelle musikarane i Moonlight Big Band og jazzkoret ConCorde i løpet av opphaldet.

Storbandet spelte i alt 3 konsertar i Italia saman med Nina, pianist Pierpaolo Principato og trombonist Davide di Pasquale. Den største opplevinga for trauste hardingar var nok å få spela saman med desse profesjonelle musikarane på jazzklubben Cotton Club Roma!

**Del to av samarbeidet går av stabelen i slutten av oktober 2017.** Då har HBB invitert dei 3 italienske muskarane Nina, Davide og Pierpaolo til Vestlandet, for å spela konsertar saman med oss her. **Det er denne delen vi her søker Hordaland fylkeskommune om støtte til!**

Dette samarbeidsprosjektet er både lærerikt og inspirerende for storbandet. Det er eit strålende eksempel på kulturutveksling, og vi knyter musikalske band over landegrensene.

På konsert-repertoaret vårt står mellom anna fleire av Nina Pedersen sine låtar som i desse dagar vert spesialskrevne for HBB av sjølvaste Jens Wendelboe!

Å arrangera jazzkonsertar er spennande med tanke på publikumsoppslutninga, særleg i Hardanger - som mange gjerne assosierer meir med folkemusikk enn med storband. HBB har stor tru på at italienske stjernemusikarar i samspel med glade lokale amatørmusikarar i storbandet vil få både hardingane til å strøyma til konsertlokala for å oppleve dette saman med oss.

Målet med prosjektet er å knyta musikalske band over kommune- og landegrensar, gjera HBB meir kjend i Hordaland og å heva det kollektive musikalske nivået i bandet slik at vi kan gje publikum stadig betre konsertopplevingar.

#### ***Litt om dei italienske muskarane***

Nina Jori Pedersen er norsk, men har som sagt budd i Roma sidan 1990. Ho er låtskrivar, sanger, underviser i jazzvokal ved Saint Louis College of Music i Roma, har sitt eige jazzkor (ConCorde) og er fast vokalist i Moonlight Big Band i Roma, i tillegg til mange andre prosjekt. Ho har gjeve ut fleire plater, og er ein svært etterspurt seminar- og workshop-instruktør i land over heile verda.

Pierpaolo Principato er fast pianist for Nina. Han er utdanna i jazz frå konservatoriet i Frosinone L. Refice, og arbeider som lærar og fagkoordinator for harmoni og jazzpiano ved St. Louis College of Music. Som pianist har han delteke på eit utal plateinnspelningar, og turnert mellom andre saman med navn som Nini Rosso og Francesco Bruno.

Trombonisten Davide di Pasquale er òg utdanna ved St Louis College of Music i Roma. I 2005 fekk han stipend som beste student under den 17. utgåva av Nuoro Jazz. Han er komponist, har sin eigen jazzkvartett, er aktiv ved romersk/italienske scene som trombonist/solist og driv med musikkteater. Han har spelt med mange store namn, mellom anna Roberto Mancini og Emanuele Urso.

#### ***Konsertplan for prosjektet:***

Torsdag 26. oktober kl. 20.00	Kunsthuset Kabuso, Øystese
Fredag 27. oktober kl. 20.30	Knarvik kyrkje, Lindås
Lørdag 28. oktober kl. 14.00	Swing'n' Sweet jazzklubb, Bergen
Søndag 29. oktober kl 17.00	Jonsvoll ungdomshus, Jondal

Utanom konsertane ynskjer HBB å visa fram det beste Hardanger og Hordaland har å by på for gjestene sine, både med natur- og kulturopplevingar. Det er òg lagt inn tid for seminarundervisning, slik at medlemmene i HBB kan dra enno meir nytte av dei italienske gjestesolistane sin store musikalske kompetanse.

### **BUDSJETT / FINANSIERINGSPLAN:**

<b>UTGIFTER</b>	<b>SUM</b>	<b>INNTEKTER</b>	<b>SUM</b>
Honorar profesjonelle musikere: Nina Pedersen, Davide di Pasquale, Pierpaolo Principato, Torbjørn Hillersøy, Arild B. Nielsen	48.000	Bill.inntekt Kabuso torsdag: 60 stk à kr 250,-	15.000
Reise og opphald - Nina, Davide, Pierpaolo (fly t/r Roma- Bergen onsdag-mandag, og hotell 5 dagar for 3 personar)	36.000	Honorar Knarvik kyrkje fredag	15.000
Transport til/frå konsertstader (inkl. ferje, bompengar)	10.000	Honorar Swing'n'sweet jazzclub lørdag	15.000
PA, ljøs, tekniker, leie konsertlokaler, rigg/dekor	30.000	Bill.inntekt Jonsvoll søndag: 50 stk à kr 250,-	12.500
Marknadsføring, annonser	20.000	Sendt søknad om støtte til Norsk Jazzforum og Hardangerrådet	30.000
Noter, rekvisita, diett solistar	6.000	<b>Søknad om støtte Hardanger Kulturråd (denne søknad)</b>	<b>30.000</b>
		<i>Underskot (dekkast inn av egenkapital HBB)</i>	32.500
<b>SUM UTGIFTER:</b>	<b>Kr 150.000</b>	<b>SUM INNTEKTER:</b>	<b>Kr 150.000</b>

Vi vonar at Hordaland fylkeskommune vil vera med på å støtta dette flotte prosjektet vårt, og er takksame for positiv handsaming av søknaden. Ta gjerne kontakt om de treng meir informasjon, eller om de har spørsmål til søknaden.

*Beste helsing for HBB*

*Angunn Handegard Trå  
mobil 416 25 549*